



Behandling av klage - 25/19691 44/4 - Reio - Frådeling

Saksbehandlar:
Jannicke Smith

Arkivsaksnr.:
25/19691

JournalpostID:
26/77286

Saksnr:	Utval: Plan-, bygg- og miljøutvalet	Dato:
----------------	---	--------------

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak:

Plan- bygg- og miljøutvalet stadfestar vedtak om avslag på søknad om dispensasjon frå plankravet i KDPA føresegn 2.2.1, og omsynssone for brann og eksplosjonsfare, sone 2, jf. føresegn 11.1.5, for frådeling av bustadtomt på gbnr. 44/4. Vedtak datert 12.06.26, delegasjonssak nr: 545/2026.

Klagen blir ikkje tatt til følge.

Utvalet meiner vurderinga av dispensasjonane var tilstrekkeleg opplyst og riktig vurdert. Det har ikkje kome fram nye opplysningar i klagen som endrar dei vurderingane som administrasjonen gjorde då saka blei behandla.

Klagen blir sendt til Statsforvaltaren i Vestland for behandling.

Bjørnafjorden, den 12.08.2026

Arild McClellan Steine
Kommunedirektør

Samandrag:

Saka gjeld søknad om frådeling av bustadtomt på gbnr. 44/4. Det er søkt om dispensasjon frå kommunedelplanen sine føresegn om plankrav og omsynssone for brann- og eksplosjonsfare.

Søknaden har vert sendt på høyring og kommunen har motteke uttale frå Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap, og Statsforvaltaren i Vestland. I uttalene er det vist til at gjeldande plan skal følgjast og at tryggleik er eit viktig nasjonalt omsyn.

Kommunen gav avslag i saka, og kan ikkje sjå at klagen tilfører nye opplysningar som endrar dei vurderingane som er gjort.

Konsekvensar av vedtaket

Økonomisk: Ikkje vurdert.

Klima: Ikkje vurdert.

Areal: Ny utbygging på ubyggd areal.

Tilgjengelegheit for alle: Ikkje vurdert.

Folkehelse: Ikkje vurdert.

ROS/samfunnstryggleik og beredskap: Ikkje vurdert ut over det som går fram av saksutgreiinga.

Saksutgreiing:

Sjå vedlagt saksutgreiing.